

**Fra:** Larissa Dahl  
**Sendt:** mandag 6. februar 2023 08:09  
**Til:** Postmottak Alver  
**Emne:** VS: Gr.nr br.nr 445/455 - Melding om bygging ihht tidlegare godkeinte teikningar  
**Vedlegg:** Husteikning Selfallet 96 rev-D.pdf; 20230204\_150049.jpg

---

**Frå:** Lars Egil Tangen <[Selfallet96@hotmail.com](mailto:Selfallet96@hotmail.com)>  
**Send:** lørdag 4. februar 2023 16:49  
**Til:** Larissa Dahl <[larissa.dahl@alver.kommune.no](mailto:larissa.dahl@alver.kommune.no)>  
**Kopi:** Are Frøysland Grande <[are.froysland.grande@alver.kommune.no](mailto:are.froysland.grande@alver.kommune.no)>  
**Emne:** Gr.nr br.nr 445/455 - Melding om bygging ihht tidlegare godkeinte teikningar

Hei Larissa,

Pga aukte kostnadar så melder me oppføring av eit mindre hus. Dette er innanafor tidlegare gitte rammer. Dvs at taket/loftet på huset er som opprinneleg søknad (23.09.2015). Garasjen er dobbel som opprinneleg søknad istede for enkel garasje + carport som den seinare vart endra til. For å få til dobbel garasje så viser eg til vedlagt samtykke med nabo (445/44) ang å snu bil på ein liten del av innkjørsel/tomt til nabo (445/44). 445/44 og vårt hus, 445/455, er siste hus på denne vegen og innkjørslene våre kjem inn på denne vegen på ca same plass. Me anser difor denne løysinga med å snu i starten på innkjørsla til nabo som lav risiko då dette området/inkjørslene er lite trafikkert, har låg hastighet (er i tunet til husa) og veldig oversikteleg i begge retningar. Det er også planlagt å sette opp lys for å gje god sikt når det er mørkt. Alternativet med å flytta garasjen inn i huset vil vera veldig kostnadsfordyrande då det allereie er støypt plate og grunnmur av forrige eigar. Å flytte garasjen inn i huset gjer også at bu-delen av huset vert vesentleg mindre og i praksis så ville ein kanskje snudd bilen som vist i vedlagt avtale uansett om garasjen er trekt inn i huset eller ikkje. Det vil også vera ein fordel for naboane om garasjen står som vist då plasseringen av garasjen gjer det enklare å byggja taket på hus-delen lågare som igjen gjev naboane litt bedre utsikt.

Sidan dette er ein privat veg som eg har vegrett til så anser eg ikkje det som eit krav å søke dispensasjon for å snu på delar av nabotomt sidan avtalen med nabo er på plass. Dette må ein sjå på som ei privatrettsleg sak.

Garasjen som er endra frå enkel garasje med carport til dobbel garasje anses ikkje som skjenerande for naboane. Me velger å anta at naboane setter meir pris på eit ryddig tun med dobbel garasje enn ein carport som viser diverse skjenerande utstyr då enkel garasje ville blitt for liten etter vårt behov. Vindu på garasjeloft og bad har folie for å hindre inn-/utsyn for å ikkje påvirka naboane negativt, ref tidlegare godkjent tiltak.

Mvh  
Lars Egil Tangen

Mob 90527424